

INFORMASJON 4 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

No er rapporten til Norconsult snart klar, og som dei lova så kjem den i løpet av august.

Kommunestyret vil få orientering på Teams frå Norconsult i eit møte via Teams måndag 31.08.20 kl. 16.30. Denne orienteringa vil bli sendt direkte på KommuneTV (<https://vindafjord.kommunetv.no/>), slik at alle som ønskjer å høyre gjennomgangen får høve til dette.

Etter denne orienteringa vil kommunen sende rapporten ut på høyring 01.09.20, den ligg ute i seks veker (01.09 – 13.10.20). I veke 40 kjem kommunen til å arrangere opne «kontordagar» der ein kan møte Norconsult og kommuneleiinga og stilla avklarande spørsmål i samband med rapporten. Meir informasjon om høyringsprosessen kjem i samband med publisering på heimesida til Vindafjord kommune.

Som me informerte om i førre informasjonsskriv vil det, etter at høyringsfristen er ute, bli utarbeidd ei politisk sak med tilrådingar frå Rådmannen, basert på rapporten og Norconsult sine tilrådingar og innspelte uttalar. Ein ser føre seg at denne saka vil bli ferdigstilt i løpet av oktober, med politisk handsaming i kommunestyret i desember.

24.08.20



Yngve Folven Bergesen
Rådmann Vindafjord Kommune